

Tale på Storfjordstemne på Knivsflå 5. juni 2005

Harald Kjølås

Eg skal ikkje snakke så mykje om Knivsflå, for eg reknar med at det vil folket som ættar herfrå snakke om seinare, men eg finn likevel grunn til å nemne at det at dei tok ned husa og tok dei med seg inn til Geiranger, det var ikkje så spesielt den tida. Det var vanleg at hus vart anten flytta eller brukt opp att i nye bygg. Her på Knivsflå fekk dei opp løypestreng som dei frakta materialen ned til sjøen med. Frå Gomsdalen tok dei også med seg hus, og der måtte materialen berast lang veg. Då Skrenakk-Magnus flytte frå Skrenakken og inn i Valldalen, måtte også han bere huset fjøl for fjøl og plank for plank ned til sjøen, der materialen vart rodd inn til Valldal. Når dei sleit slik for å få med seg husa sine, så var det sjølvsagt fordi slitet var gratis og husa var den viktigaste kapitalen dei hadde. Her på Knivsflå sto dei jamvel overfor trusselen om at husa kunne bli knasa til pinneved at eit stort steinskred. Etter synfaring så kom formannskapet med pålegg om flytting av folk og bustadhus, og respekten for formannskapet si vurderingsevne på slutten av 1800-talet var nok høgare enn respekten for fråsegner frå geologar i dag. Bygdas fremste menn hadde autoritet. Når bustadhusa vart tekne ned hadde det også med det å gjere at det var mykje arbeid å handsage material til eit nytt hus, og i dei dagar var hustømmerskog sjeldnare vare enn i dag. Jamvel båtbord vart brukte opp att. Det finn vi mange

døme på særleg ute ved kysten, der ein ved hjelp av båtbord som har vore brukt til naustveggar, faktisk har greidd å rekonstruere den gamle sunnmørsjekta. Det skal eg kome tilbake til.

Eg tenkte eg skulle snakke mest om fjorden og bruken av fjorden. Når vi flyg over landet ser vi at bebyggelsen har ein tendens til å konsentrere seg langs hovudvegane. Sjølv når vegstyresmaktene bygg ny veg utanfor sentrum nettopp for å unngå bebyggelsen, så går det ikkje så mange åra før det kjem hus langs også den nye vegen. Det er langs vegen vi vil bu. Slik tenkte dei også i vikingtida og i middelalderen når dei slo seg ned og tok til å dyrke jorda langs desse fjordane. Det var hovudvegen den gongen, og like sikkert som at vi på våre moderne hus lar hovudinngangen vende mot vegen, like sikkert la dei hovudinngangen og bestestova mot fjorden. Når dette fjordlandskapet om nokre veker ganske sikkert blir ein del av verdsarven, så er det samspelet mellom fjorden og kulturlandskapet og buplassane langs fjorden som gjer dette området unikt. Vi har kanskje hatt ein tendens til å konsentrere oss om kulturlandskapet og historia til dei som budde langs fjorden, mens vi har tatt fjorden og det som skjedde der for gitt. Også det har si historie som høyrer med. Fjorden som viktigaste ferdselsåre, fjorden som matauk og fjorden som trussel. I vår tid blir fjordar gjerne sett på som ei kommunikasjonsmessig hindring, og er **det** også, men fjorden er framleis viktig som ferdselsåre, og nå først og fremst inn i eit

rekreasjonslandskap der vi kan nyte naturen og la oss imponere av slitet som dei som budde langs desse fjordane i gamle dagar ikkje visste kva var.

Tidsomgrepet deira var eit heilt anna. Det var ikkje snakk om at noko tok for lang tid, eller at noko hasta. Alt dei gjorde tok den tida det tok. Klokka deira var sola og solas gang i forhold til fjella. Det var ein tidsmålestokk som var passeleg omtrentleg for si tid. Det var ei verd med ei sakte og makeleg rytme, der ingen kunne forflytte seg raskare enn det hesten gjekk eller skipet seilte, og der det beint fram var ufint å ha hastverk. Hastverk er lastverk, sa dei gamle, og det er sant den dag i dag.

I gammal tid var mennesket ein del av naturen, audmjuke og tidvis redde tenararar under ein lunefull og tyrannisk natur som av og til var så trugande at menneska måtte vike som her på Knivsflå og på nabogardane Horvadrag og Megardsplassen. Som den svenske forfattaren Peter Englund skriv, så var det i byen at det nye synet på naturen vart fødd. Byborgarane lever i eit miljø som er fullstendig forma av mennesket, og det er dei som kan bryte seg laus frå jorda og frå årstidene, og gjere seg meir eller mindre uavhengige av dei. Også byborgarane kom likevel ein gong frå naturen og har ikkje gløymt opphavet. Difor tok byborgarane til å idyllisere naturen. Dei starta med potteplanter og prydbusker og dei fekk seg kjæledyr som ikkje hadde anna funksjon enn å vere til selskap. I eldre tid var det ikkje mykje prydbusker rundt husa. Nyttevekstar

hadde dei, men vekstar berre til pryd var sløsing med verdfull jord. For byborgaren vart det ikkje slik, naturen kom til å bli eit objekt, noko ein dyrkar og ser på og finn rekreasjon i. Det er bakgrunnen for turismen. Rekreasjon er blitt ei av dei største næringane i verda, og kultur, historie, estetikk og verdsarv er heilt avgjerande element i denne næringa. Ja, ikkje minst kultur, historie, det å ha ei fortelling å knyte til opplevinga, blir viktigare og viktigare. Derfor også er det viktig at vi ikkje gløymer fjorden.

Før pengehushaldet melde seg for alvor, var det liten skilnad på folket på fjord- og fjellgardane og dei som budde opp gjennom dalane og på strandstadane ut etter fjorden. Dei måtte stort sett arbeide heile tida for å halde seg og huslyden med mat og klede, og dei måtte i all hovudsak skaffe det sjølve. Det vart å bruke det som voks på garden eller det som kunne lagast av dei emne som var for handa. Utanfrå var det lite å hente. Vegane var lange. Det var likt for både Gomsdal og for Korsbrekke eller Langlo. I desse bygdene var skilnaden mellom periferi og sentrum nokså lik null. Folk var smånøgde og kjende ikkje store sakn ved livet sitt. I dag seier vi ”at dei orka” og blir forskrekka over dei børene dei bar og vegane dei gjekk. Men den gongen var dei ikkje så uvanleg, og når det jamne slitet blir ein del av kvardagen, innstiller kroppen seg på at slik skal det vere. Dei hadde heller ikkje så mykje å samanlikne med. Karfolka hadde rett nok vore på fiske ute med kysten om vintrane, og hadde sett husa på svaberga ute på øyane, men det er ikkje gitt at dei tykte dei var betre enn den bratte, men

noko lunare heimen dei hadde inne mellom fjella. Kvinnfolka hadde før rutebåten kom i siste halvdel av 1800-talet jamnt over ikke vore utom Skotet i heile sitt liv. Ingen hadde tankar om å stille krav til samfunnet. Dei visste ikkje kva samfunnet var ein gong. Huslyden og ætta, skyldfolket, var eit rike for seg sjølv, og var også den tryggleiken og trygda dei hadde å hjelpe seg med. I tillegg hadde dei grenda, men utover det var det lite hjelp å få.

Så litt etter litt dukka behovet for kontantar opp. Alt frå midten av 1700-talet , men ikkje minst utover på 1800-talet skjedde det ei omvandling frå naturalhushaldets bytehandel til handel med pengar som verdimålar. Då måtte bøndene også på fjord- og fjellgardane sjå seg om etter noko å selje for å skaffe seg kontantar. Nokre av dei mest marginale gardane greidde ikkje meir enn så vidt å fø ein stor ungeflokk, og det vart lite til overs som kunne seljast. I hovudsak hadde likevel dei fleste fjord- og fjellgardane meir enn dei trong til eige bruk, særleg var det krøterhaldet som gav overskot og noko å selje: Kjøt, talg, smør og skinn. Det var lette varer å selje om ein greidde å frakte dei fram til ein marknad. Før rundt slutten av 1800-talet var ikkje Ålesund nokon marknad. Marknaden for fjordbøndene var Trondheim eller Trandem som dei sa, eller det var Bergen. Alt på 1700-talet og sikkert endå tidlegare vart det drive handel frå desse fjordane mot både Bergen og Trondheim. Fisken frå områda ute ved kysten gjekk gjerne til Bergen, mens landbruksprodukta frå indre strok gjekk til Trondheim og til gruvesamfunn og liknande nordover. Bøndene selde

bork, ved, tjøre, bandestakar og trekjerald som karane laga attmed oljelampen vinterkveldane. Og kvinnfolka spann og vov og selde vadmål og anna slags ulltøy. Det var ikkje vanskeleg å få selt slikt i byen, berre ein fekk frakt. Dei første jektene vi veit om frå fjordbygdene kom i drift tidleg på 1700-talet. Peder Fylling fortel om den rike handlesborgaren Nils Pedersen Langlo på Stranda som dreiv med jektefart tidleg på 1700-talet, men det hadde sikkert vore jektefart tidlegare også. I Hans Strøms Søndmøres Beskrivelse blir det fortalt at båra frå Skafjell-ulykka i 1731 tok to store råjekter som låg for anker på hamna på Sløgstad og kasta dei opp på kyrkjegarden. Den same Strøm fortel at ei middels stor slik råjekt kosta frå 500-600 riksdalar og oppover. Dei fleste vart nok bygde i Volda, også i Bjørkedalen, men også ved at båtbyggjarane kom inn i fjordbygdene og nytta lokalt tømmer og bygde jektene lokalt.

Ute i Herøy har dei fått bygd noko dei meiner er ein slags kopi av ei sunnmørsjekt, men heilt sikre på at ho var akkurat slik, kan dei knapt vere, og vi veit ikkje sikkert om jektene inne i fjordane var av same slaget. Som eg skal kome litt innpå så har dei funne bord av den såkalla Åsejekta frå Lingåsen på ein naustvegg inne på Linge, og eksperten på desse gamle båttypene, Saxe Bjørkedal, meiner å kunne fastslå at jektene inne i fjordane hadde meir tradisjonell jekteform enn sunnmørsjekta som ein har funne bord frå lenger ute ved kysten. Han har også lage ein modell av ei fjordajekt, slik han trur at ho var. Eigentleg burde det har vore eit prosjekt å forske seg endå meir fram til korleis jektene inne frå fjordane såg ut, og få laga ein kopi i full storleik slik at nye

generasjonar får sjå korleis dei kom seg fram i dei dagar. Ei slik fjordajekt ville også vere ein turistattraksjon, og framleis finst her kompetanse nok til å bygge ein slik båt. Ein må ikkje gløyme at i fleire hundre år var desse jektene det viktigaste sambandet mellom fjordbygdene og den store, vide verda. Det var råsegls båtar, og dei hadde sjeldan meir enn eitt stort brunbarka segl som hang i ein tjukk bom, råna.

Det var mange slike råjekter i fjordbygdene. Jørgen Gjerding nemner opp følgjande: Ramstadjekta frå Ramstaddal, Stordalsjekta som også vart kalla Vidhammarsjekta og som brukte å ligge på innsida av Jektholmen. Der sto også jektenaustet, tett nedanfor husa på Stordalsholmen. Så var det "Flora",

Strandajekta. Frå Norddal var det Lingejekta, Vikajekta og Hjellejekta.

Vikajekta var vide kjend for dei svarte rånokkane sine. Lingejekta vart også kalla Åsejekta fordi det var ein frå Lingås som var skipper om bord, og båtbord frå denne jekta har dei som sagt funne på ein naustvegg inne på Linge.

Sunnylvsjekta vart kalla "Lodøla" og hadde påmåla diktet: "Lodøla jeg heder, Gud mig veileder over bølgene blaa". Hellesylt-Magnus var skipper i mange år.

I 1841 fekk Lars Gjørvad, Edvard Hole og Peter Vesterås i Geiranger bygd seg ei jekt som dei kalla "Vandrende lykke" og som hadde påmåla verset:

"Vandrende Lykke er mit navn, Gud lede mig til saa god og tryg en havn". Ei anna Geiranger-jekt heitte "Bondelina". Som jekteskipparar og handlarar på Trondheim er nemnt Mons Marok, Lars Gjørva, Ole Syltevik, Martinus Maråk og Rasmus Hole.

Det var mest gutar i 20-30 års alderen som slo inn på handel, og det vanlege var at dei dreiv med dette nokre år for å legge seg opp pengar nok til å skaffe seg ei jordbot så pass at dei kunne gifte seg. Jekteferdene til Trondheim og Bergen var lange ferder. Jørgen Gjerding fortel om ein Lars Sylfestsen Tafjord som skrytte av at han hadde vore så heldig å ha hatt medvind både opp til Trondheim og ned att. Då hadde han greidd turen på sju veker. Dette var i 1845. For jekteskipperane var det viktig å kunne farleia langs kysten, og dei skreiv såkalla leidabøker, bøker der alle mêt og merkje var nedteikna. Nokre slike leidabøker er bevart, men for notids folk er dei nesten uleselege. Dei var nemleg skrivne på halvemål. Jekteskipperane skreiv det ned lydlikt slik dei sa det. På same måten som dagens langtransportsjåførar samlast på faste plassar nedover Gudbrandsdalen for å ta ein kaffikopp og snakke saman, så hadde også jekteskipperane faste hamner dei venta i. Særleg var det hamner på begge sider av Stad og Hustadvika, der dei ofte kunne ligge vêrfaste. Då vart det fortalt historier frå jektefarten, akkurat slik som langtransportsjåførane som fortel om vandrehistorier og hendingar frå si verksemd, så fortalde jekteskipperane om sin opplevingar. I tillegg fekk dei frette nytt, og hadde mykje å fortelje når dei kom heim att.

Det var gjerne fleire som slo seg saman i eit jektelag, og hausten og framover mot jul tok dei til å samle inn varer frå bøndene som dei ville selje på neste ferd til Trondheim eller Bergen. Dei hadde gjerne ei bud nede ved sjøen der varene

vart samla. Bukkeskinna var den dyraste vara dei hadde. Også kalveskinn var populær og godt betalt vare. Så var det smør. Gjerding fortel at dei brukte å ha med seg nærare eit tonn smør på turane til Trondheim. Sommarsmøret hadde godt ord på seg. I amtmann Thesens bok: Romsdals Amt. står det at smøret frå både Stranda og Norddal hadde godt ord på seg, og smøret frå Geiranger var overlag velstelt. Vintersmøret derimot, ”sto adskillig tilbake i renslighet”. Det er lett å forstå då mjølkeringene oftast måtte stå inne i same røykstova der huslyden oppheldt seg mesteparten av døgnet. Treprodukt var også populære handelsvarer. Det bøndene bestilte hos dei som reiste på jektefart var ofte varer som korn, hamp, tobakk, situp og sukker, og ikkje minst kvennasteinar, slipesteinar, ymse slags tyvarer og apotekvarer, bryllaupsbrennevin og liknande. Dei handlande skreiv det ikkje ned. Det var skralt med skrivekunsten hos mange av dei, særleg på 1700-talet, men dei hadde eit fantastisk minne og hugsa kva kvar gard skulle ha. Det frettest rundt i bygda når jekta skulle fare, og det var stor stas når jektene kom heim att. Det vart som ein pust frå den store verda, og før rutebåtane tok til å gå og før turistane kom, var desse jektene omtrent den einaste pusten utanfrå dei hadde. Mennene var rett nok som oftast på fiske vintrane, og fekk vite nytt frå verda der, men kvinnene levde på garden og i bygda heile livet. Turen til kyrkje kvar sundag vart difor den einaste kontakten dei hadde utanfor garden. I tillegg til det religiøse trykket forklarar kanskje det kvifor særleg kvinnene la så stor vekt på at til kyrkje måtte dei så sant dei var friske.

Her i Geiranger tok dei handlande som skulle på jektefart til Trondheim sikkert også med seg varer som bønder frå Lom og Skjåk hadde frakta med seg over fjellet. Det gamle namnet på Maråk er Maraag eller Mærager, og det tyder hestemarknad. Hit kom Skjåkbøndene for å selje hestar, tjøre, hud og andre landbruksvarer, og dei bytte i fisk, salt og andre varer som hørde kysten til. Dei fekk sikkert også i retur varer som dei hadde bestilt frå jektene som hadde vore i Trondheim.

Alle gardar, også dei lengst frå sjøen hadde naust og båt. Båten vart brukt til fjordfiske og til transport, og dei største båtane vart også bruk til fiske ute ved kysten. Hans Strøm fortel såleis om at i 1736 var 13 båtar frå Sunnylven forlagt i Borgund under vinterfisket. Med sju mann på kvar båt så vart det 91 mann som var borte frå gardane i Sunnylven i vekesvis vinterstida. Det kunne nok merkast i bygda når ein så stor del av mannfolka var borte over så lang tid. Dei måtte også utrustast når dei reiste, og det var ikkje småtteri med mat dei hadde med seg. Dei fiska frå opne båtar – med snøre og garn, eit farleg liv som kunne gi godt utbytte om ein var heldig. Dette var også ein måte å skaffe seg kontantar på. Så seint som rundt 1900 reiste P.I. Langlo frå Stranda på vinterfiske ut til kysten for å tene seg opp pengar til å starte eiga verksemd. Han sa frå seg odelsretten til garden for å starte industri, og for ein ungdom utan odelsrett og med luftige industriplanar var det berre å gløyme å få lån i ein bank. Nokre år

seinare la han grunnlaget for norsk møbelindustri med korgstolproduksjon i Pålkjellaren på Langlo. På 1800-talet var det også eit svært godt sildefiske inne i fjordane, sjølv heilt inne i Geirangerfjorden. Dei hadde etablert Geiranger Sildnotlag, og særleg på seinsommaren kunne dei sjå store måseflokkar som forflytta seg over store sildestimar som seig innover fjorden. Då var det om å gjere å få strekt nota rundt stimen. Det var slike mengder at dei greidde ikkje å foredle alt til menneskemat. Store mengder sild vart strødd ut over åkrane som gjødsel, og lukta vart neppe ein turistattraksjon. Fjordafiske har her vore til alle tider, og det hørde til basiskunnskapen inne i fjordane også å kunne dei beste fiskeplassane. Også her hadde dei nes og steinar og fjell å sikte seg ut mèt etter. Mykje av denne kulturen og dei namna som er knytt til fiskeplassane er nok diverre i ferd med å døy ut. Av og til kunne dei få storfisk, ei og anna storkveite til dømes, og då var det stas. Ein av dei fremste kveitefiskarane i nyare tid var nok Sølvest Syltevik, denne merkelege mannen som vel må kallast Geirangerfjordens første og sikkert også siste uteliggjar - i alle fall sommarstida. Sølvest sette ut kveiteline og fekk tidvis mykje fisk som han brukte å selje anten på Hellesylt eller i Geiranger. Gjennom fiskeri greidde han også stort sett å halde seg sjølv med mat. Han kunne fiskeplassane, men Rasmus Matvik, som hadde mykje med Sølvest å gjere, fortalde at fiskeria hans var heller lite effektive fordi han hadde så dårleg reiskap. Både garn og line var gamle og morkna og slitna ofte. Ein gong fekk han ei kjempekveite på kroken som han greidde å buksere inn på vøren på Lundaneset, og på Stokkebuda på Hellesylt

vog dei kveita til 170 kilo. Den same Sølvest var også ein meister til å skyte nise. Kunsten var å skyte dei rett før dei skulle til å dukke. Då var dei fulle av luft og heldt seg flytande lenge nok til at dei kunne takast opp i båten. Også nisene selde han for å få kontantar. Sølvest Syltevik kjende denne fjorden betre enn nokon annan. Om somrane overnatta han ofte i båten, under ei presenning, eller han hadde hellarar å ligge under, eller han la seg inn i naust. Ole Gabriel-naustet på Homlong nytta han mykje som overnattingsstad sommarstida. Då skaffa han seg kontantar ved å tilby mannskapet på turistbåtane frakt til lands om bord i færingen sin. Han gjekk også rundt på kaia i Geiranger og tilbydde dei skyss utatt, og Rasmus Matvik fortalde at Sølvest brukte å slenge om seg med dei to-tre tyske glosene han hadde snappa opp, for på den måten å gi inntrykk av at han var språkmektig. Det tyske ordet habst var kanskje det mest brukte, I alle fall fekk Sølvest kallenamnet "habstingen" i Geiranger. Trass i at han levde mykje av livet i ein færing, så kunne han ikkje å symje, men bada gjorde han nesten heile året, og det var på den måten han heldt seg nokolunde rein. Han la seg naken i tangen inn med land, og han slo seg på kroppen med tangen. Det meinte han var rensande. Det hende meir enn ein gong av både kvinnelege og mannlege turistar i Geiranger fekk seg eit sjokk av å sjå den skjeggete, nakne mannen som sat i fjøra og slo seg med tang.

Brygget hans var ei soge for seg sjølv. Han hadde vedgått overfor Rasmus Matvik at det at han drakk for mykje var den eigentlege årsaka til at den jenta han var glad i og som han hadde tenkt å gifte seg med, reiste frå han. Det gjorde

at han selde garden Syltevik og etter eit opphald i Sunnfjord la ut på eit liv som fjordvagabond. Han sette ein slags sats i meierispanner rundt om på ulike plassar i fjorden, i naust og under hellararar. Brygget laga han av mygla eller gjæra sylte som han fekk på butikkane på Hellesylt eller i Geiranger. Han brukte også meir eller mindre rotne frukt, og han fekk sviske, pressgjær og sukker.

Brygget vart kalla Sølvest. Særleg mykje alkohol var det ikkje i det, og det var så vondt at det berre var Sølvest sjølv som drakk av det. Rasmus Matvik fortalde om ein gong Sølvest hadde bodd nokså lenge på loftet i Matvika og hadde rota så fælt at kvinnfolka hadde blitt grundig lei av han. Då hadde dei nytta høvet og hatt parafin i ølet hans, slik at han måtte gi hals. Det resulterte i at han forsvann derifrå og det gjekk lang tid før han kom tilbake. Mellom doktor Torgersen på Stranda og Sølvest Syltevik utvikla det seg eit varmt og nært vennskap.

Doktorfamilien kjøpte fisk av han, og når doktorbåten for forbi, fekk Sølvest gjerne henge på med færingen sin. Ofte fekk Sølvest sitje på ut til Stranda, der han fekk bade og stelle seg i doktorgarden, og om kvelden fekk doktor Torgersen og han samtale om livets store spørsmål over eit godt måltid mat og sikkert også ein dram. Sølvest las mykje både i Bibelen og i andre bøker, og hadde mykje å fare med i diskusjonar. Siste åra før han døydde i 1938 budde han hos syster si på Stranda. Slike originalar ser nok denne fjorden aldri att.

Eit stort tidsskilje var det sjølv sagt då fjordane tok til å bli trafikkerte av rutegåande båtar. Hjuldamparen Søndmør med skovlar som bråka og svart røyk

frå skorsteinen kom til Hellesylt for første gong i 1857, men den gongen rekna dei Geiranger som mindre viktig, så dit kom ikkje hjuldamparen før i 1858. Det blir fortalt at då dette utysket kom inn mot land så sprang alle skuleelevane for å sjå kva det var, og skulemeister Lundanes vart så forfjamsa at han gløymde å gi lekse. Båten kom ein gong for veka, og låg over natta på Hellesylt. Så tok turistane til å kome og turistskipa. Frå å vere ein blindtarm i eit større fjordsystem, vart Geirangerfjorden sjølve målet, attraksjonen som alle ville sjå. Fjorden og landskapet gjorde dette mogeleg, men ein må ikkje gløyme heller at hotella i Geiranger hadde kreative og dyktige marknedsførarar lenge før den slags hadde blitt vanleg. Mange store personar har dei siste 130 åra passert forbi nede på fjorden, både keisar og kongar, men den mest eksotiske av alle var vel kong Chulalongkorn frå Thailand som den gongen heitte Siam. Han er modellen for guten som får guvernante i den berømte musikalen "The King and I", og i 1907 kom han med eige skip og stort følgje til Geiranger. Han har skriva bok om ferda si, og derfrå veit vi at det regna når han kom hit. Frå Maråk reiste følgjet opp til Djupvasshytta og vidare til Grotli i tre vogner med kalesje, trekte av to hestar kvar, og med to vogner fulle med bagasje. Dei tok inn på Grotli hotell som eigentleg ikkje hadde opna for sesongen ennå. Hotellet var nytt og var kun tiltenkt å ha ope om somaren. Derfor var romma ikkje utstyrte med omn, og ute snødde det sjølv om det var sommar, så for folket frå Siam vart det svært så hustrig. På Grotli var det berre utedo, men vertsfolket meinte at kongen av Siam måtte sleppe å gå ut når han skulle på do. Dermed vart rommet tvers over

gangen omgjort til do, men benk, blommar og duk. Men kva skulle dei gjere med det kongen la att etter seg? På Grotli lever framleis replikken frå værelsepika frå

Stryn: ”Ska vi gjøyme det?”

Takk for oppmerksomheita.